



Planident	: 91089
Datert	: 25.08.89
Vedteke i kommunestyret	: 22.04.91
Endra ved mre D 7/2014	: 05.06.14
Endra ved mre D 3/2017	: 14.03.17
Endra ved mre	: 08.09.20

FRÆNA KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER FOR

REGULERINGSPLAN

VARHOL INDUSTRIOMRÅDE

Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrenser.

Arealbruken innan planen er inndelt i fylgjande reguleringsføremål:

1. **Byggeområde**
 - Industri (områda 1-3)
2. **Trafikkområde**
 - Køyreveggar (veg 1-6)
 - Gang- og sykkelveggar
 - Annan veggrunn
 - Anna trafikkområde
3. **Spesialområde**
 - Kommunalteknisk verksemd - Nettstasjon
4. **Fellesføresegner**

§ 01 BYGGEOMRÅDE

1.1 Industriområda (1-3)

- 1.1.1 Anlegga si art, utforming og plassering skal i kvart høve godkjennast av bygningsmynde.
- 1.1.2 Bygningane for område 1 skal ikkje vere høgare enn 15 m over gjennomsnittleg opphaveleg terreng.
Bygningane for område 2 og 3 skal ikkje vere høgare enn 12 m over gjennomsnittleg opphaveleg terreng.

- 1.1.3 Høgste utnyttingsgrad er sett til BYA= 50%. Parkeringsplassar skal reknast med i BYA. Den ubebygde delen av tomta skal opparbeidast på tilfredstillande måte og skal så vidt mogeleg parkmessig behandlast.
- 1.1.4 Det må ikkje plantast slik at det blir til ulempe for den offentlege ferdsla.
- 1.1.5 I samband med byggesøknad skal det leverast situasjonsplan som viser korleis bygningar kan utvidas og korleis ubebygde område skal opparbeidast.
- 1.1.6 I industriområde vert det ikkje tillate oppført bustadbygg.

1.2 Parkering

Kvar verksemd skal på eigen grunn ha minst 1 oppstillingsplass for ein bil pr. 100 m² golvflate produksjonslokale.

§ 02 TRAFIKKOMRÅDE

2.1 Køyrevegar (veg 1-6)

Områda er sett av til køyreveg.

2.2 Gang- og sykkelveg

Områda er sett av til gang- og sykkelveg.

2.3 Annan veggrunn

Områda er sett av til annan veggrunn. Nødvendig areal til skjering og fylling kjem på tomtemark.

2.4 Anna trafikkområde

Området er sett av til anna trafikkområde – framtidig vegtrasé.

§ 03 SPESIALOMRÅDE

3.1 Kommunalteknisk verksemd

Området er sett av til nettstasjon.

§ 04 FELLESFØRESEGNER

4.1 Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og byggeføresegnene og dei gjeldande bygningsvedtektene for kommunen.

4.2 Det er ikkje tillate ved private servituttar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsføresegnene.

4.3 Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsmynde.

4.4 Alle unntak må vere innan ramma av bygningslova og bygningsvedtektene for kommunen.